



Sak nr 2/2009

Møtedato: 28.1.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr:

Løypeplan for vestfjellet – offentlig høyring

Frå Vestre Slidre kommune har fjellstyret fått oversendt løypeplan for vestfjellet. Fjellstyret har fått utsett frist til 5. februar. Det er ikkje kopiert opp kart (for stort), kart og følgjebrev ligg ut på nettsida til kommunen. Utdrag frå kommuneadministrasjon si saksutgreiinga:

Vestre Slidre kommune har ein eldre vedteken forskrift for motorferdsel i utmark, der det ikkje står noko om korleis ein ynskjer at kjøring med heimel i nasjonalt føresegn § 3 skal føregå. Mange kommunar har i den seinare tid sett krav til at slik kjøring skal føregå i tråd med ein vedteken løypeplan, for å ha styring med/kontroll over traseane/omfanget av køyringa. Administrasjonen ser på dette forslaget til løypeplan som ein forløpar til etablering av eventuell ny forskrift, der det kan vere logisk å ta med eit vilkår om at løyper skal køyras i tråd med vedteken plan. Det er og ein ny lov for motorferdsel i utmark under arbeid/behandling nasjonalt sett, det kan og vere moment her ein må tilpasse når dette vert avklara.

Hovudskiløyper eksisterande/framtidelige

Alt av det som er definert som hovudløyper er køyrt med tråkkemaskin i dag. I reguleringsplanar som går inn på slike hovudløyper vert det regulert ein 6 meter brei korridor. Innafor kommunedelplan for Vaset, står det eit krav om minst 40 meter brei korridor for gjeldande skiløyper. Det vil vere naturleg å vidareføre dette til å gjelde alle hovudløyper.

Andre skiløyper

Andre skiløyper er det ikkje forslege særlege endringar på mot det som er i dag.

Transportløyper for snøskuter

Det er teikna inn korridorar for vare/materialtransport med snøskooter. Desse er i all hovudsak lagt utanom skiløypenettet der dette er mogleg. Nokre trasear er så tronge, at samkjøring av skiløyper og snøskootertransport er nødvendig.

Allbruksløyper

Det har gjennom fleire år vore eit løypenett for hundekøyrarar i hovudsak innafor statsallmenningen. I regelverket om motorferdsel i utmark er det per i dag ingen moglegheit til å tillate reine hundeløyper. Det er lov å preparere for "allbruksløyper", der ein samkøyrer aktivitetar som skiløping og hundekjøring. På lik line med alle andre skiløyper i området, kan dette gjerast av idrettslag/fjellstue/løypelag. Målet med desse løypene er å skilje aktiviteten hundekjøring bort frå dei ordinære skiløypene, då denne kombinasjonen kan vere konfliktfylt. Med å legge til rette for et løypenett der hundekøyrarane kan ferdas, håper ein at brukarane nyttar desse løypene i hovudsak, og dermed unngår å køyre i skiløypenettet.

Det ligg nokre løyper inntil eksisterande skiløyper. For å sikre at hundespenn ikkje brukar skiløypene, forslår kommuneadministrasjon at det bør vera minst 20 meter mellom skiløyper og allbruksløyper.

Kommuneadministrasjonen fremmer signal om at ein innafor løypeplan for Vestfjellet bør vurdere å forby hundekjøring (ev. meir enn 2 hundar) samt ferdsl med hest i 10-km løypa på Vaset samt lysløype i Svedalen. I tillegg bør ein her vurdere utvida bandtvang, noko administrasjonen gjev eit signal til at bør innførast på lengre sikt. Dersom dette vert aktuelt må ein lage ein eigen sak om dette. Det kan vere aktuelt å ta deler av dette i samband med utarbeiding av ny forskrift for hundehald, som kommunen uansett må utarbeide på ny.

Sårbare område

Kommunen har forslege markering av sårbare område der ein ikkje ynskjer oppretting av løyper. Ved avgrensing av sårbare område vil det mest naturlege vere å nytte ein høgdeavgrensing på dei ulike fjella. Eit forslag her kan vere 1000 m.o.h. for Gilafjellet, ein går då utanom alle stølslag og stølsvegnett. For Grønsenn-knipa kan det på nordsiden avgrensast med 1120 m.o.h., og på sørsida med 1000 m.o.h. og ein legg grensa utanom dei øvste stølane ved Øvre Nøsen. For Gråkampen/Bukono samt nærre del av Grunke vil ei grense på 1000 m.o.h. gå utanom stølsveg og stølslag/hytter. I Baklia/sørre del av Grunke er det ikkje direkte uberørt, men administrasjonen legg likevel opp til ei grense på 900 m.o.h. samt utanom berørte støler i Statsallmenning.

Kommuneadministrasjon legg opp til at reglane ikkje blir styrande for løypepreparering før det eventuelt blir vedteke ny forskrift for motorisert ferdsl i utmark. Kommunen har signalisert at det ikkje blir utarbeidd ny lokal forskrift før det blir vedteke ny lov for motorisert ferdsl i utmark. Legg ein arbeid i ei løypeplan, bør dette vera eit styringsreiskap i praksis. Ny motorferdselslov legg opp til at motorferdsel blir styrt gjennom

kommuneplan, men kommunen har heimel til å styre mykje av motorisert ferdsel etter gjeldande lovverk. Heimel for å regulere går fram av § 3 i forskrift til lov om motorisert ferdsel i utmark og vassdrag: *Kommunestyret kan gi bestemmelser om kjøring som nevnt i forskrift §3 bokstavene b-g, herunder om områder, traseer, sesonglengde, tidspunkter for kjøring, utstyr m.v.* Kommunen bør her bruke sin styringsrett utan vente på ny lov.

Vedtak:

Løypeplan har eit stort nettverk av løyper. Ein stor del av løypene ligg i allmenningen. I kommuneplan er statsallmenningen markert som særskilt viktig natur- og kulturområde der ein skal vera særskilt forsiktig med inngrep. I dette området er det viktig å bevare preg av urørt natur også utanom toppane. For å nå dette bør ein slå saman løyper som ligg nær kvarandre, også om formålet med løypene er ulike. Andre stadar kan ein kanskje sløyfe løyper som er lite brukt, om dette kan gi større areal som då står fram som urørt. Samstundes er det viktig med eit godt hovudnettverk med løyper og at det er sambindingsløyper mellom løypelaga. Fjellstyret sitt framlegg til endringar er markert på vedlagt kart. Ut frå desse merknadene, meiner ein at ein har balansert dei to interessene på ein tilfredstillande måte.

For å ta omsyn det dei viktig verdiar som ligg i naturområda i fjellet, og spesielt det som er merka særskilt viktig naturområde i kommuneplan, er det viktig at kommunen styrer bruken der det er formålstenleg. Kommunen må derfor ta i bruk sin styringsrett etter § 3 i forskrift til lov om motorisert ferdsel og ikkje skyve dette ansvaret over på grunneigar. Fjellstyret meiner det bør stillast krav til uniformering, f.eks. ved nummererte vestar for alle som driv løypepreparering eller ervervsmessig kjøring. Formålet med lov om motorisert ferdsel er å avgrense ferdsel i størst mulig grad, det bør derfor setjast vilkår for når allbruksløype skal preparerast ut frå snømengde. Fjellstyret ser det naturleg at dei ulike løypelaga gjennom planen får ansvar for sine ulike deler av løypenettet. For allbruksløyper som i hovudsak blir preparert for bruk til hundekjøring, bør ansvaret ligge til hundeklubben som organiserar kjørarane.

Einstemming vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 30.1.09

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune v/Kenneth Monsen